



Bergensbanen si forkorting i aust og vest

Bergensbanen si forkorting er to store fellesprosjekt:

1. Ringeriksbanen og E16 - FRE16 i aust
2. Ny veg og bane mellom Bergen og Voss - K5 i vest

FELLES ARGUMENTASJON:

Tog er miljøframkomstmiddel nr. 1!

Tog kan frakte store mengder personar inn og ut av byar, og er klart det beste klima- og miljøalternativet.

Tog aukar trafikktryggleiken ved mindre trafikk på vegane av både

personar og gods. Heilskapen i NTP er å sjå samferdsel i eit klima- og miljøperspektiv for regionar, landet og verda.

Me må difor satsa på tog. Med

fire timar med tog mellom Noregs to største byar har me eit klart alternativ til fly.

Ei-bilar vil ikkje på nokon måte løyse desse utfordringane mellom aust og vest.

FRE16

Ringeriksbanen vil skapa ein bu- og arbeidsregion på Ringerike som er berre 30 minuttar frå Oslo, og vil korte reisetida mellom Oslo og Bergen med nær 1 time.

Dette vil få store positive ringverknader for Ringeriksregionen. Ringerike kommune har bidratt med sin del ved å bruka nær 2,5 mrd. i infrastruktur for å være klar til å ta imot veksten som kjem.

Ringeriksregionen kan avlasta det presset som i dag er i Osloregionen. Hallingdal står klare til å ta imot reisande gjester med tog sommar som vinter, og har store investeringar på gang når vedtak for bygging er klart.

K5

Veg og bane mellom Bergen og Voss er ikkje trygg, K5 er naudsynt for å tryggja hovudvegen og Bergensbanen mellom Oslo og Bergen.

I tillegg vil det bli ei halvering av reisetida med tog mellom Bergen og Voss ned til 40 minutt,

noko som vil gje regionen aust for Bergen ein vekst som bu- og arbeidsregion.

Stamvegen mellom Bergen og Voss har stor trafikk og når den vart bygd på 1990- talet, så var den svært tidssparande. Eit sentralt spørsmål me må stilla er: kvifor er det ikkje

samfunnsøkonomi i å sikra denne strekninga for nye 50 – 100 år?

Det er ei stor avgjerse å ta å bygga fellesprosjektet K5 - men det er ei like stor avgjerse å sende folk ut på denne veg- og banestrekninga kvar einaste dag!